

Bok på 1-2-3

Bokstavsmaren

Av Erna Osland og Inger Lise Belsvik



Tverrfagleg uteopplegg for 1.–2. klasse i faga norsk, naturfag og kunst og handverk.

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Skriv ut framsida og to eller tre tekstar: Bokstavsmaren har ein tekst for kvar bokstav, og tekstane kan lesast i fritt vald rekkefølgje. Vel dei bokstavane du ønskjer at elevane skal arbeide med, og skriv ut to-tre tekstar med illustrasjon til. Dersom de ikkje skal repetere nokon bestemte bokstavar, kan de godt skrive ut desse tekstane:
 - Styrk, s. 6 og 7
 - O-skjelet, s. 12 og 13
 - Yngelen, s. 54 og 55
- Ta med spikkekniv, hyssing og kamera.
- Hugs hansk og søppelsekkar dersom de skal plukke søppel på turen. Ta med alt ut. Dersom de har ei fjøre i nærleiken, kan de gjerne gå dit, men opplegget kan gjennomførast alle stader ute.

Omtale av boka

Erna Osland har på oppdrag frå Nynorsksenteret og Lesesenteret skrive ei samling med bokstavtekstar. Bokstavsmaren innbyr til samtalar om det du finn i fjøra, og til leik med bokstavar, lydar og ord. Du kan ta med boka ut på tur om du vil, og skrive ut illustrasjonane og hengje dei opp inne eller ute.

I kvar tekst er det ekstra mange ord som byrjar på bokstaven for denne teksten.

Formål

Norsk

- Lytte til tekstar på bokmål og nynorsk og samtale om dei
- leike med rim og rytm og lytte ut språklydar og stavingar i ord
- Skildre og fortelje

Naturfag

- Undre seg, utforske og lage spørsmål og knyte dette til eigne eller andre sine erfaringar
- Bruke sansane til å utforske verda i det nære miljøet

Kunst og handverk

- Undersøkje ulike materiale sine eigenskapar og dele sanseerfaringar
- Utforske ulike visuelle uttrykk og byggje vidare på andre sine idear i eige skapande arbeid

1 Før lesing (10 minutt)

Sjå på framsida til Bokstavsmaren og snakk saman:

- Kva heiter boka? (Bokstavsmaren)
- Kven er forfattaren, ho som har skrive boka? (Erna Osland)
- Det er eit namn til på framsida, kva trur du ho har gjort? (Inger Lise Belsvik, illustratør)

Les dette utdraget høgt:

Styrk vil snorkle, men da må nokon passe på han.
Det blir Zara, veslesøstera hans.
Ho er for lita til å snorkle,
men stor nok til å halde auge med broren.
Som lønn skal ho få ein skatt kvar dag.
Skatten skal komme frå havet
og begynne på ein ny bokstav kvar gong.



- Kva vil det seie å «snorkle»?
- Kva slag skatt trur du kan kome frå havet kvar dag?
- I boka hentar storebror Styrk ein ny ting frå havet kvar dag.
Kwart kapittel i boka handlar om ein slik ting.
- Det er 28 kapittel i boka, men 29 bokstavar i alfabetet. Kan du gjette kva for to bokstavar som er slått saman til eitt kapittel fordi dei har same lyd? (V og W)

ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik
(frå Bokstavsmaren)



2 Høgtlesing og samtale (20 minutt)

Les tekstar frå Bokstavsmaren og snakk saman. Her er nokre spørsmål du kan stille som igangsetjarar:

- Kva for ein bokstav er det denne teksten er laga til? (Første bokstav i overskrifta)
- Kva for nokre ord i teksten startar med denne bokstaven?
- Ser du noko på illustrasjonen som startar med denne bokstaven?
- Er det same lyd og bokstav? (Zara og Styrk, til dømes. Eller Vivian og vaniljeis)
- Er det nokon nye ord?
- Hentar Styrk noko frå havet som du ikkje veit kva er?
- Kva trur du kjem til å skje vidare?

ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik
(frå Bokstavsmaren)



3 Etter lesinga, lage landskapskunst («Land Art»)

(60 minutt)

Styrk fann «skattar» i havet, og slik kan vi finne skattar på land også. Eller kanskje vi finn søppel, både i fjøra, i skogen eller på skuleplassen?

Del gruppa inn i par eller grupper eller lat elevane lage biletet åleine. Vel det som passar best for gruppa di. Ta biletet av landskapskunsten, og samle biletene i ei bok i til dømes Book Creator etterpå, om de vil.

Her er nokre døme på tema for landskapskunst:

- Bokstavbilete

- A Vel ein bokstav, til dømes ein av dei dei las om i Bokstav-sommaren. Lag eit biletet av sjølve bokstaven av det du finn i naturen. Døme: De las teksten om Styrk: Form bokstaven S med steinar, pinnar, kongler eller noko anna.
- B Lag eit biletet der motivet viser noko som tek til på bokstaven. Døme: lag ei skjelpadde, ei sol eller ein slange. Landskapskunst med berre naturlege materiale kan gjerne ligge att, til glede for andre som er på tur.

- Skrotbilete

Kanskje er det mykje rusk og rask der de er? Sjå kva de finn. Lag eit biletet av det. Hugs å ta med søppel tilbake til skulen.

- Steintårn eller varde

Stable steinar oppå kvarandre. Kor mange klarer de å stable før det veltar?

- Bokstavsommaren blir til Blomstersommaren

Lag biletet av løvetannblomar eller andre ville vekstar. Her kan de også lage bokstavar, eller de kan lage andre former og figurar.



FOTO: Kathrine Pedersen,
Nasjonalt senter for kunst og
kultur i opplæringen



FOTO: Skulderud skole
v. kunst og handverk

Andre bøker som passar til opplegget

- Hilde Myklebust: *Bjørkebokstavar* (2015)
- Sissel Horndal: *Historia om alfabetet* (2014)

Andre ressursar til læraren, om landskapskunst

- Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen. Bærekraftig Land Art:
<https://kunstkultursenteret.no/ressursbase/baerekraftig-landart/>
- Udir: Land art
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fag/kunst-og-handverk/land-art/>